

Kafe i det gamle bakeriet laurdag

10.12.2007



Inntekta frå julesalet går til trimutstyr for ungene. Her er leiar Hege Lekva med ein av sine egne. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag er kafeen på Gamleskulen ope att (11-15) og der blir det julesal i tillegg til serveringa. Og ikkje berre det: Turngruppa lagar til kafe i det gamle bakeriet frå klokka 11 til 15 laurdag.

Det som blir seld tysdag er slikt som ikkje vart seld under julegrantenninga, til dømes konfekt og julanek som Aktivitetshusets Damevenner har til sal.

Men det stoppar ikkje der, heller ikkje turngruppa fekk seld alt som dei baud fram i Sætrehuset sjølv om det kom mykje folk. Det er både julakjeks og julepynt igjen og "restoplaget" av kjeksen vil ein også kunne kjøpa i kafeen tysdag. Julepynten er utstilt i det gamle bakeriet og vil vera å få kjøpt på laurdag. Der vil det også bli seld julakjeks, julepynt, kakao, saft og lappar.

Inntekta av julesalet til gruppa går til innkjøp av trimutstyr til ungene, nærare bestemt skumprodukt, som kostar 13.000 kroner.

Leiar Hege Lekva fortel til uskedalen.no at dei allereie er godt på tur til å nå målet.

Av Ola Matti Mathisen